



PROSJEKTMIDLAR

Retningslinjer for tildeling i Bykle kommune

1. Føremål

- Prosjektmidlar skal stimulere til nyskaping og støtte tidsavgrensa kulturelle prosjekt og tiltak innan litteratur, film, kunst, musikk og arrangement i Bykle kommune.
- Prosjektmidlar kan givast til enkeltpersonar, institusjonar, lag og organisasjonar i Bykle kommune.
- Unntaksvis kan prosjekt gjennomførte av andre enn lokale innbyggjarar i Bykle, eller utgivingar med tilknytning til kommunen, få støtte.
- Lag og organisasjonar som har motteke ordnilære kulturmidlar kan søkje prosjektmidlar til avgrensa, tidsavgrensa prosjekt.
- Prosjekt som er retta mot barn og unge, eller representerer ny aktivitet utover ordinær drift skal prioriterast.

2. Vilkår for tildeling

- Søkjar må bu i kommunen.
- Prosjektet skal gå føre seg i kommunen og vere retta mot lokale innbyggjarar.
- Temaet for prosjektet skal ha ei tydeleg tilknytning til Bykle kommune.

3. Krav til innhald i søknaden

- Ei skriftleg omtale av prosjektet.
- Definert målgruppe for prosjektet.
- Eit oversiktleg budsjett som inkluderer alle forventa inntekter.

- Oversikt over kven som medverkar i prosjektet.
- Ein tidsplan for gjennomføring.

4. Tiltak som ikkje får tilskot

- Lag som primært tek vare på yrkes- og økonomiske interesser til medlemmane.
- Politiske parti og politiske aksjonar.
- Organisasjonar som ikkje er opne for alle.
- Reint kommersielle tiltak.
- Marknader, festivalar og anna kulturbasert næring må sjåast på som kommersielle tiltak og kan søkje om næringsmidlar.
- Kommunale einingar eller tiltak som er ein del av kommunen si ordinære drift. Slike tiltak skal finansierast over kommunen sitt driftsbudsjett.

5. Handsaming og frist

- Søknadsfristar: Prosjektmidlar har to årlege søknadsfristar 1. mai og 1. oktober.
- Søknaden skal sendast til post@bykle.kommune.no
- Administrativt vedtak: Søknader med ein søknadssum inntil kr 10 000,- vert avgjorte administrativt. Dette sikrar rask saksbehandling for mindre tiltak.
- Politisk vedtak: Søknader med ein søknadssum over kr 10 000,- vert lagde fram for politisk handsaming i formannskapet og kommunestyret.

Revidert 25.02.2026

(Saksmappe 2026/27 Formannskapet 20.01.26, Kommunestyret 29.01.26)